

# Signering av referat frå styremøte NFL

## 11.03.24

### Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Groven, Giljar (07.03.1978), signert 20.03.2024 med Signicat Sign BANKID
- Hansen, Ingvild Rydjord (09.06.1989), signert 18.03.2024 med Signicat Sign BANKID
- Samsonstuen, Stine (07.11.1989), signert 13.03.2024 med Signicat Sign BANKID
- Evanger, Marit (06.04.1960), signert 14.03.2024 med Signicat Sign BANKID
- Moen, Hege Sæther (03.01.1969), signert 13.03.2024 med Signicat Sign BANKID\_MOBILE



#### Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



#### Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



#### Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

## Referat frå styremøte i Norges Fjordhestlag 11.03.2024

Desse deltok:

Hege Sæther Moen  
Ingvild Rydjord Hansen  
Giljar Groven  
Stine Samsonstuen  
Marit Evanger  
Bjørn Vollstad  
Asle Espe

Forfall:

Jon Ole Botnvik

Orienteringer  
Aktivitetsutvalg  
Markedsføringsutvalg  
Sikkilsdalen  
Markering av NFL si 75 års-markering.  
Moderlandsarbeidet  
Dialogmøte med fagutvalet

**Sak 19/24.** UB Fjordhest på NFHS planlegging og gjennomføring av test i ein situasjon med ringormsmitte.

**Vedtak:** *Norsk Fjordhestsenter i dialog med NFL, Norsk Hestesenter og Mattilsynet lagar ein god plan for korleis ein vil handtere situasjonen, og informerer om opplegget så tidleg som mulig.*

**Sak 20/24.**

*Styret i NFL har vald Ingvild Rydjord Hansen til arbeidsgruppe Fokus Unghest med vara: Marit Evanger.*

*I arbeidsgruppe med utstillingssystem og dommarar framover har styret i NFL vald Hege Sæther Moen og Vidar Heggheim.*

**Sak 21/24. Haustmøte 2024- arrangør, stad og arbeidsgruppe.**

**Vedtak:** *Styret i NFL ønskjer å undersøke mulighetene for å halde haustmøtet 2024 på Langedrag. Det har tidlegare vore eit slikt møte der, omtala som tilittsmannsmøte, og i lys av at styret ønskjer at organisasjonen skal å ha organisasjonsarbeid som tema på haust møtet kan det vere ein god ide og koble Langedrag og tillitsmannsmøtet på kartet igjen. Om det lukkast vil det likevel vere behov for hjelp til å arrangere Haustmøtet, då lokallaget i området er lite. Ein vil derfor så snart det er klarlagt lage ei nettsak og invitere lokal/ fylkeslag til å hjelpe til med å arrangere Haustmøte i 2024, om mogleg på Langedrag, elles er NFL open for en annan lokalisering.*

**Sak 22/24 Tildeling av avlsmidlar 2024**

*Styret i NFL har vedtatt at avlsmidlar tildelast som tidlegare år til unge hopper 3-5år, samt lokallag som leiger unge hingstar. Vi ønskjer å spreie bruken på så mange hingstar som mogleg, men i tilfelle med begrensa midlar og mange lokallag leiger hingst, vil støtte til hingst nr 1 prioriterast og støtte til hingst nr 2 kunne reduserast. Linjehingst vil prioriterast dersom det er ein god kandidat som utpeikar*

Dokumentet er signert digitalt av:

- Groven, Giljar (07.03.1978), 20.03.2024
- Hansen, Ingvild Rydjord (09.06.1989), 18.03.2024
- Samsonstuen, Stine (07.11.1989), 13.03.2024
- Evanger, Marit (06.04.1960), 14.03.2024
- Moen, Hege Sæther (03.01.1969), 13.03.2024

Forseglet av



Posten Norge

seg. Alternativt vil støtta kunne rettast til hoppeeigarar som brukar hingstar som har kommentar om sjeldan stamme i dommarkortet. Eventuell leige av linjehingst blir kommunisert av NFL rett etter avslutning av årets hingsteutstilling. Når det gjeld tildeling fellesprosjekt Fenomen og tildeling til unge hopper, må ein ha dette likt med Dølahest og Nordlands/Lyngshest.

#### **Sak 23/24 Agenda lokallag.**

Styret i NFL ser at mange lokallag slit med å få folk til tillitsverv, og vi må lage ein strategi for å oppretthalde flest lokallag men samtidig fornye organisasjonen for framtida. Det er behov for kompetanseheving for tillitsvalde, og NFL ønskjer å invitere lokallaga til ei tettare binding mellom lokallag/fylkeslag og NFL. Dette vil samle alle fjordhestfolk på alle lagsnivå.

Vi presenterer dette på årsmøtet, og lagar ein plan for organisasjonsarbeid på haustmøte og til ein høyringsprosess.

#### **Sak 24/24 Styret i NFL ønskjer ein gjennomgang av BUF reglement etter innspel frå fleire hald i organisasjonen.**

Styret i NFL ser at det er motstridande mål innan avl og sport ved at ein skal starte hestane ved 4 års alder og delta innan tre greiner. Samtidig er det eit ønskje å få unge inn i avl først og sporten etter kvart. Hestevelferd er eit viktig stikkord i denne diskusjonen, og vektlegging av korleis skape ein haldbar brukshest. Styret i NFL ønskjer at vi må ha ein høyringsprosess i organisasjonen, og-utformar spørsmål til ei høyring i lokallaga og saksgang på dette utifrå innspel frå avls- og aktivitetsutval.

Styret sine tankar er at vi bør utsette første BUF klasse til 5 år, det vil sei forskyve aldersklassene med eit år. Det synest naturleg at ein likevel kan gje utsetting eit år til hopper som har hatt fjøl.

#### **Sak 25/24 Arbeidshestens dag.**

Styret i NFL ønskjer å markere arbeidshestens dag og synest det er viktig med eit godt samarbeid med Foreininga Arbeidshesten. Marknadsføringsutvalet utarbeider info til ei nettsak, og vil oppfordre lokallag om å halde eit arrangement i løpet av mai.

#### **Sak 26/24 Utstillingsplassen Øyane**

Styret i Norges Fjordhestlag er godt nøgd med innsatsen som er gjort for å styrke sikkerheita på stallen i Øyane på Nordfjordeid. Dette var viktig arbeid for å kunne gjennomføre oppstallinga på ein trygg måte. Festeavtala med Stad kommune går ut om 15 år, og det blir viktig framover å ha dialog mellom NFL, Nordfjord Fjordhestlag og det øvrige hestemiljøet-om framtidig anlegg for hest i Eid når reguleringsplan blir utarbeidd. Styret i NFL vil ta initiativ til ei formell arbeidsgruppe til å diskutere framtidsløysingar.

#### **Sak 27/24 Fokus unghest og dei nasjonale sentera.**

Vedtak: Styret i NFL ønskjer at sentera kan brukast meir i utdanning av hest og folk, men slik det er no kan dei ikkje søke midlar til å arrangere kurs frå Fokus Unghest. Til aktivitetar som ikkje konkurrerer med lokallag må det vere mogleg å endre reglane for tildeling for å leige foredragshaldarar og eventuelt eigne tilsette til nye modular.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Groven, Giljar (07.03.1978), 20.03.2024
- Hansen, Ingvild Rydjord (09.06.1989), 18.03.2024
- Samsonstuen, Stine (07.11.1989), 13.03.2024
- Evanger, Marit (06.04.1960), 14.03.2024
- Moen, Hege Sæther (03.01.1969), 13.03.2024

Forseglet av



Posten Norge